
Fylkestinget

Saksbehandlar: Bjørn Birger Bremer

Arkiv: 100

Arkivsaksnr.: 04/04115

GJENNOMGÅANDE STYRINGS- OG RAPPORTERINGSSYSTEM GODKJENNING AV OVERORDNA MÅLEKART

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Overordna målekart for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert godkjent. Dette skal rullerst årleg - samordna med budsjettprosessen.

Prenta vedlegg:

Utkast til overordna målekart

Uprenta vedlegg:

Rapporten: Gjennomgåande styrings- og rapporteringssystem for Sogn og Fjordane fylkeskommune – ein forstudie basert på prinsippa i balansert målstyring

Saksframstilling

BAKGRUNN

Fylkesrådmannen har fått gjennomført ei vurdering av om fylkeskommunen sitt samla styrings- og rapporteringssystem er tilfredstillande. Det er utarbeidd ein rapport av juni 2004: "Gjennomgåande styrings- og rapporteringssystem for Sogn og Fjordane fylkeskommune – ein forstudie basert på prinsippa i balansert målstyring". Rapporten fylgjer saka som uprenta vedlegg.

Fylkesrådmannen tilrår å innføre eit gjennomgåande styrings- og rapporteringssystem. Systemet skal styrke fokuset på oppnådde resultat og læring som grunnlag for å gjere nye vegval. Dette er ikkje i konkurranse til eksisterande system, men set desse inn i ei breiare og meir heilskapleg ramme.

VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Mål og prinsipp for for prosjektet

Prosjektet bygger på fylgjande overordna mål for vidareutvikling av vårt styrings- og rapporteringssystem:

- styrke fylkestinget sine moglegheiter for overordna styring, og til å vurdere om utviklinga innanfor sentrale politikkområde går i ønskt retning
- auka gjennomføringsgrad av fylkeskommunen sine strategiar, planar og prosjekt
- bringe større grad av heilskapstenking inn i vårt planleggings- og styringssystem
- god kopling mellom strategiske planar, budsjett/ressursar og operative mål
- at tilsette får auka forståing for felles mål (høg føremålskompetanse)
- større fokus på resultatoppnåing
- betre og meir open/synleggjort resultatoppfølging med tilhøyrande leiarevaluering
- større medverknad og dialog med brukarane/kundane og allmenta.

Fylgjande prinsipp er lagt til grunn for utviklingsarbeidet:

- heilskapleg gjennomgåande system – frå overordna visjonar/mål til operasjonelle mål/resultat for den einskilde eining/medarbeidar
- enkelt og oversiktleg system
- systemet bør basere seg på å bruke data som allereie er tilgjengeleg i organisasjonen, men supplerer med brukar- og medarbeidarundersøkingar for å framskaffe empiri/resultat
- systemet skal definere konkrete mål som vert oppfylgde og evaluerte med hovudformålet å korrigere handling for å nå betre resultat
- systemet skal fange opp breidda i vår aktivitet ved å definere fokusområde
- ein legg stor vekt på dialog mellom alle nivå – sett i system
- systemet skal vere ei kjelde til organisasjonsutvikling (og læring).

Balanser målstyring

I utviklinga av prosjektet så har vi henta røymsler frå metoden balansert målstyring. For denne metoden ligg det til grunn 3 innfallsvinklar:

- Heilskap – vi må ta omsyn til brukarane, økonomi, læring/fornyng og medarbeidarane og balansere mellom desse områda
- Fokus – leiinga og dei tilsette må prioritere einskilde område som vi skal vere spesielt gode på
- Dialog og utvikling – vi må drøfte resultatata og oppfylginga i eit reelt samarbeid mellom personane på alle nivå i organisasjonen

Prosjektet

Prosjektet er delt i 2 fasar:

Fas1 aug 04-des 04:

- Gjennom ein brei prosess skal det utviklast eit enkelt overordna målekart for fylkeskommunen - med handsaming i fylkestinget i desember 2004.
- Det vert gjennom ein brei prosess i sektoren, utarbeidd eit sektor-målekart for tannhelsetenesta (pilot). Dette skal innarbeidast i budsjettet for 2005.

Fase 2 jan 05-jun 07:

- Gjennom ein breie prosessar skal det utviklast enkle overordna målekart for sektorane - med handsaming i fylkestinget i juni 2005. Dette arbeidet må integrerast med utarbeidinga av kvalitetssystem for opplæringssektoren – jfr tiltak 3 under kap 3.8 i det strategiske handlingsprogrammet 2004-07 for opplæringssektoren. Tilsvarande skal skje i høve utviklinga av mål- og resultatsystem for regionalpolitikken.
- Utgreie metode for datafangst for dei aktuelle indikatorane, der ein i hovudsak baserer seg på data som i dag er tilgjengelege.
- Utarbeide implementeringsplan for systemet med sikte på trinnvis innføring i heile fylkeskommunen.
- Systemet med målekart vert rullert/justerte årleg - samordna med budsjettprosessen
- I 2007 vert det gjennomført ei samla evaluering av heile systemet

Fylkesrådmannen legg med dette fram utkast til overordna målekart. Dette fylgjer vedlagt. Dette er utarbeidd etter fylgjande prosess:

1. Første utkast utarbeidd av fylkesrådmannen si leiargruppe den 12.10.04.
2. Utkastet vart drøfta med institusjonsleiarane den 19.10.04.
3. Utkastet vart drøfta med dei fylkeshovudtillitsvalde 20.10.04.
4. Fylkesrådmannen si leiargruppe justerte utkastet med grunnlag i innkomne innspel.

Framlegget til overordna målekart

Det overordna målekartet for fylkeskommunen er kjerneinnhaldet i vårt styringssystem. Kartet viser dei viktigaste styringsvedtaka for fylkeskommunen – og samanhangen mellom desse; frå

overordna mål i fylkesplanen til kva konkrete resultat vi skal måle. Det er viktig at kartet er kort og lett tilgjengeleg for alle.

Kartet skal vedtakast i fylkestinget etter handsaming i hovudutvala. Dette skal rullerst årleg som del av budsjettet.

Kartet er bygd opp med fylgjande element:

Overordna mål er henta frå vedteken fylkesplan for perioden 2005-2008.

Visjonen skal vise kva som er det fjerne fyrårnet/framtidsbiletet som vi strevar etter å nå. Visjonen skal vere kort og gi oss energi. "Livskvalitet og nyskaping i Sogn og Fjordane!" fyller godt desse krava.

Verdigrunnlaget – første versjonen – er fastsett av fylkesrådmannen i 2001. Verdigrunnlaget viser kva holdningar som vi ynskjer skal prega vår organisasjonskultur, og som vi skal legge til grunn i vårt daglege virke.

Mål for fylkeskommunen er ei konkretisering av kva vi skal arbeide for å oppnå - for å understøtte visjonen. Her vert det framheva at fylkeskommunen skal "Ta vare på og vidareutvikle fylket sine fellesinteresser" og vere ein "aktiv regional utviklingsaktør". Brukarorientering og kvalitetssikring vert spesielt framheva innan den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

Etter fylkesrådmannen sitt syn så konkretiserer målformuleringa visjonen på ein god måte.

Strategiske fokusområde er dei 5 utvalde områda som vi skal via størst merksemd i fylkeskommunen for sikre måloppnåing. For å nå måla må vi ha fokus på:

- Rammevilkår/økonomi
- Tenesteproduksjon/brukarperspektiv
- Kompetanse/personalutvikling/læring
- Regional utviklingsaktør
- Kvalitet og effektivitet i interne prosessar.

Kritiske suksessfaktorar er dei faktorane som vi må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla. Vi har prioritert 3-6 faktorar innan kvart fokusområde.

Måleindikatorane er målbare aktivitetar som fortel oss om i kor stor grad vi lukkast i å oppfylle dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einskild suksessfaktor.

Døme på dette er td innan tenesteproduksjon/brukarperspektiv der vi har måleindikatoren "T1-1: Brukarane er tilfredse med kvaliteten på fylkeskommunale tenester og opplever god service".

Denne indikatoren kan fortelje oss noko om vi lukkast i å nå suksessfaktoren "T1:

Fylkeskommunen er ein heilskapleg og samordna serviceorganisasjon."

Måleindikatorane må fange opp både kvalitative og kvantitative resultat av vårt arbeid. Det må vurderast nærare kor ofte vi skal måle resultat når det er tale om eigen målingar som td spørjeundersøkingar. Det er ikkje naudsynleg å gjennomføre desse årleg.

Rapportering av resultat og måloppnåing til fylkestinget vil skje gjennom årsrapporten og årsmeldingane. Rapportane vil være meir konkrete enn dei er i dag og vil vere eit betre grunnlag for å vurdere graden av måloppnåing. Desse vil også vere naudsynleg for ein god dialog i heile organisasjonen for å setje i verk tiltak for å nå betre resultat.

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Dette prosjektarbeidet får ikkje spesielle økonomiske konsekvensar fram til fylkestinget i juni 2005 – utover at administrasjonen må utføre dette arbeidet som ei prioritert oppgåve innan gjevne økonomiske rammer.

Fylkestinget må i juli ta stode til korleis dette arbeidet eventuelt skal førast vidare frå sommaren 2005 og kva konsekvensar dette då får. Fylkesrådmannen legg i alle høve opp til ei trinvis innføring, der stega ikkje er for lange.

KONKLUSJON

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget godkjenner framlegget til overordna målekart.